

Programstyremøte for fransk, onsdag 13. september 2023
Tid og sted: Kl. 12.15 - 14, grupperom I, Sydneshaugen skole

Til stades: Myriam Coco, Øyvind Gjerstad, Johanna Gunn, Sonia Lagerwall, Sébastien Liautaud, Margery Vibe Skagen, Karine Holthe Børstad (studentrepresentant) og Annelen Horsås (referent)

Dagsorden

1) Godkjenning av dagsorden og referat fra forrige programstyremøte: Godkjent

2) Orienteringssaker

- a) Kort runde om undervisning haustsemesteret 2023
- b) Oppdatering om undervisningsassistentar som skal støtte delar av undervisninga i FRAN100, FRAN123 og FRAN312. Tre studentar vil overta oppgåver i kvart av emna. Oppdraga er gitt til May-Britt Dahl (FRAN312), Bernadette Marcile Laure Melingui Epse Olouman Zo'O (FRAN123/623) og Marguerite Sandrine Rainville Rouleau (FRAN100).
- c) Fagmiljøet har fått midlar til å dekkja ei professor 2-stilling (46% stilling). Midlane er avgrensa til dei neste tre åra.

Sendt anbefaling til Institutt for framandspråk om følgande kandidatar: Hans Petter Helland (20%) og Anje Muller Gjesdal (20%), i tillegg til Merete Birkelund (6%).

- d) Fagmiljøet har hatt møte med ekstern fagfelle om programsensur på 200-nivå. Rapporten til ekstern fagfelle vert skriven no. Programsensur på 300-nivå er planlagt for hausten 2023.
- e) Arbeidet med ny modell for lektorutdanninga – har følger for undervisninga på våren for emna på 300-nivå. Mange veker undervisning fell bort på grunn av praksis. Forslag om å bruka blokkundervisning samt å bruka tida i leseveka meir intensivt.
- f) Oppdatering på NorCam-samarbeidet med Yaoundé I. Finansieringa går ut i slutten av 2023. Håpar å søka på NorPart til våren 2024, etter utlysinga vart utsett. Dette kan finansiera stipend på masternivå, men det finst berre 200 stipend fordelt på alle institusjonane i Noreg. Alternativ finansiering for å kunna fortsetja samarbeidet er å søka midlar frå Erasmus+ (capacity building). Dette vil då evt. kunne brukast på støtte til å utvikla digital kompetanse for fagmiljøet ved Yaoundé. Ikkje mogleg med studentutveksling gjennom Erasmus+ (capacity building).

- g) Oppdatering på samarbeidet med Quebec. Utlysinga av midlar vart utsett av HKdir. Som alternativ vart det søkt om Erasmus+-midlar. Dette førte diverre ikkje fram.

North-to-North-midlar for utveksling for fagpersonale er innvilga. Midlane skal brukast til å oppretthalda samarbeidet, samt legga grunnlag for ein ny søknad.

UiB får besøk frå Institut français 14. september 14.30. Ulike representantar frå UiA, NTNU og UniCaen er til stades, også fagmiljøet på fransk. Mål: førebu møte i Oslo, der framtida til OFNEC-samarbeidet vert diskutert.

3) Vedtakssaker

- a) Valg av studentrepresentant og vara til programstyret

Studentrepresentant: Karine Holthe Børstad

Vara til styret: Emilia Malgorzata Strzeszewska (frå januar 2024)

Einstemmig vedtatt.

- b) Godkjenning av emneevalueringar

3-års evalueringar:

Følgande 3års evalueringar vert lagt fram:

FRAN100 (Sonia)

FRAN123 / FRAN623 (Margery)

FRAN307 / FRAN307L (Øyvind)

FRAN312 (Øyvind)

Einigheit om å legga til del om FRAN623 i rapporten for FRAN123. På FRAN100 innhentar Sonia informasjon frå dei andre faglærarane på kurset.

Programstyret vedtek at alle 3-års evalueringar vert sendt til sirkulasjon og godkjende i etterkant av møtet. Frist til 30.september.

Eigenvurderingar:

Programstyret vedtek at alle eigenvurderingar vert sendt til sirkulasjon og godkjende i etterkant av møtet. Frist til 30.september.

4) Diskusjonssaker

a) Eksamensplanlegging

Programstyret vedtek at eksamensdokumentet vert sendt til sirkulasjon og fylt ut av faglærer/emneansvarleg på emna før fagkoordinator sender det ferdige dokumentet til eksamenskonsulenten. Frist: 17.september.

b) Faste onsdagsmøte på fransk?

Fagkoordinator ytra ønske om å innføra faste onsdagsmøte for å sikra god kommunikasjon mellom faglærarane på fransk. Alle er positive til dette. Både mogleg å møta på kontoret, men også ta del via Zoom for dei som ikkje er til stades. Studentrepresentant er invitert til å vera med, men ikkje pålagt.

c) Hvordan oppnå en bedre og mer rasjonell utnyttelse av OFNEC?

Inntil vidare overtar institusjonane i Noreg (UiA, UiB og NTNU) kvar sin del av kostnadane for å oppretthalda OFNEC-samarbeidet fram til 2026.

Fagmiljøet sender innspel til fagkoordinator som ferdigstiller ein rapport for Institutt for framandspråk om finansiering av OFNEC.

5) Eventuelt

Myriam informerer om at kvart institutt får eige programstyre for lektorutdanninga. IF sitt programstyre vert leia av Myriam.

Øyvind informerer om besøk av linguist Francis Badiang Oloko i haust. Oloko skal delta i eit panel ved UiB 2.november og er i Bergen før og etter dette. Forslag om å invitera han til å halda foredrag på FRAN350.